

# Språknormer som forskingsobjekt. Refleksjonar kring språknormomgrepet og språknormforskinga

Endre Brunstad

## 1 Innleiing

I den vitskaplege forkinga om språknormering har det i løpet av dei seinare tiåra kome fleire interessante studiar (frå Noreg på 1990-talet kan m.a. nemnast Sandøy m.fl. 1991, Dyvik 1993, Vikør 1994, Papazian 1994, Omdal 1996, Omdal og Vikør 1997, Sandøy 1997 og fleire skrifter av Norsk språkråd). Ideologiar og prinsipp bak normeringa er vortne analyserte og systematiserte, og det er utvikla fleire modellar og program, særleg innanfor den internasjonale språkplanleggingsvitskapen, *language planning*.

Derimot kan det verke som om den teoretiske sida ikkje har vore like påakta. I 1980 skreiv Einar Haugen (1990:53) at språkplanleggingsvitskapen framleis var mest skildrande og hypotetisk, og enno ikkje hadde nådd "et stadium av 'forklarende brukbarhet'". Over ti år seinare kunne Lars S. Vikør i standardverket *Språkplanlegging. Prinsipp og praksis* (1994:46) konstatere at "språkplanleggingsvitskapen er ein sjølvstendig disiplin, men enno utan noen skikkeleg utvikla teori". Vikør karakteriserte i ein annan samanheng forkinga som pre-teoretisk:

I was asked to talk about the relations between norms, status and regulations in a theoretical perspective. [...]: how far do regulations really influence norms and status? The result is almost pre-theoretical: They do to some extent, but no systematic theory has been developed so far to explain what factors promote or present this influence.

I artikkelen er der gjorde somme endringar i høve til det opphavlege vitskapsteoretiske innlegget. For kommentarar og innspel vil eg takke medlemene i den vitskapsteoretiske komitéen: professor Erik Brown, professor Jarle Bondevik og professor Helge Sandøy. Sistnemnde er rettleiar, og har lese og kommentert fleire versjonar. Takk òg til professor Helge Dyvik for merknader.

Eit tilsvarande syn kjem til uttrykk hos Robert L. Kaplan og Richard Baldauf jr. i ei av dei siste oversiktsbøkene om disiplinen, *Language Planning From Practice to Theory* (1997). Dei skriv at språkplanlegging “has tended not to be theory driven, but rather responsive to real-world interdisciplinary solutions of immediate practical problems” (s. x–xi).

No er biletet litt meir nyansert: Det finst *ein del* teoretisk arbeid om språknormering, t.d. i programmet til den funksjonalistiske Praha-skulen (m.a. av Roman Jakobson, V. Mathesius, Josef Vachek og Frantisek Danes (jf. Thomas 1991:5, 35).<sup>1</sup> Likeins er der – som eg skal kome inn på – fleire nyare bidrag med ambisiøse teoretiske mål (t.d. Teleman 1979, Skyum-Nielsen 1986, Bartsch 1987). Utgangspunktet for mange av dei nyare bidraga er like fullt meir allmennlingvistikk og sosiolingvistikk, ikkje så mykje studiar av normering. I normeringsstudiane har ein vore mindre opptekne av å gå inn i sjølve normomgrepet og utvikle allmenne teoriar om normering. Som Vikør (1994:46) skriv om språkplanleggingsvitenskapen: “Dei fleste som forskar i faget, er i første rekke områdespesialistar”.

Her bør det presiserast kva som er meint med uttrykket ‘teori’. I norsk lingvistikk er det etter kvart vorte vanleg å fylgje Helge Dyvik sitt velkjende skilje mellom *teori* og *modell*, slik det er formulert i *Grammatikk og empiri* (Dyvik 1980:19f og 1986:i). I fylgje Dyvik er ein teori kjenneteikna ved å ha påstandsfunksjon; han må postulere ein del grunnleggjande samanhengar, og vere meir eller mindre sann. Ein modell, derimot, er fyrst og fremst eit analytisk rammeverk; modellen er meir eller mindre brukbar for eit granskingsføremål, men påstår ikkje noko grunnleggjande verken om verda eller språket. Skal vi ha ein teori om språknormering, må vi altså i fylgje dette resonnementet kunne påstå noko grunnleggjande om kva som skaper språknormer, kvifor dei vert danna, kva verknader dei har osv.<sup>2</sup>

Dette innlegget tek ikkje sikte på å gjere noko så ambisiøst som å formulere ein teori. Derimot vil det kome med refleksjonar kring språknormomgrepet, og peike på nokre utfordringar for dei teoretiske

---

<sup>1</sup> Ein del av dette arbeidet er òg vorte fylgd opp, t.d. av J. Neustupny med si vektlegging av språkplanlegging som problemløysing, og av George Thomas (1991) i hans purismestudie; mykje er derimot oversett (jf. Gammelgaard 1996:7).

<sup>2</sup> Dyvik (1980) set i utgangspunktet nokså rigide popperianske krav til korleis ein empirisk skal tolke teoriar. I føreordet til 2. opplaget av *Grammatikk og empiri* presiserer han at det må vere mogleg å operere med det han kallar “ufortolkede teoretiske konstrukter” (Dyvik 1986:i), jamvel om teorien framleis må stille krav til “forståelighet” og “må kunne forstås som noe mer enn en rent formell konstruksjon” (ibid.).

studiane av språknormering, både med omsyn til viktige typar av normer, det individuelle vs. det kollektive ved normer, og normstudiar som deskriptiv vs. normativ verksemd. Fokus vil vere sikta inn mot standardspråket og mot skriftnormer.

## 2 Kva er ei språknorm?

Nemninga *norm* kjem etymologisk or det latinske ordet *norma*, som tyder 'vinkel' (som reiskap). I dag vert det nytta som ei samnemning for ulike typar av vurderingsgrunnlag og retningsliner som er med på å rettleie og styre sosial handling, som t.d. språk. Språknormer er altså med på å rettleie og styre språkbruk. Denne rettleinga kan i sin tur vere eksplisitt formulert, eller eksistere i form av "tause" kunnskap i samfunnet.

Dei eksplisitt formulerte normene kan vere skriftleg formulerte og lesast ut av ordbøker, grammatikkar, vedtak i normeringsorgan som Norsk språkråd (t.d. norma for bokmål og nynorsk), handbøker i god språkbruk etc. Men dei kan òg verte formidla munnleg og gjelde det uformelle talemålet; det gjeld t.d. ytringar frå ein dialektbrukar med stor autoritet.

Dei "tause" normene refererer på hi sida til ikkje-formulerte postulat og til haldningar, intuisjonar og forventingar til kva som er korrekt, mogleg og meningsfull åtferd. At normer kan vere "ikkje-formulerte", vil seie at det ikkje berre er det som står i ordbøker eller grammatikkar som er normer. Her er det relevant å gjere som den tsjekkiske lingvisten Bohuslav Havrának, og skilje mellom "kodifikation der Sprachnorm" (t.d. ein skulegrammatikk) og "die Sprachnorm selbst" (jf. Papzian 1994:13): All språkbruk er prinsipielt sett styrt av normer, men berre ein liten del av desse normene er kodifiserte: Dei fleste eksisterer uformelt, og det gjeld ikkje berre i uformelle talemålssituasjonar, men òg for mange normer knytte til skriftspråksbruk, t.d. tekstnormer, stilnormer, grafiske normer etc. (Sidan det eksisterer svært mange kontekstar folk opererer innanfor, vert talet på normer ganske stort – ja, kanskje uteljeleg. Dei mange ulike normene vil like fullt verte knytte saman til eit normsystem, dvs. Ei mengd normer som er ordna gjennom relasjonar slik at normmengda kan oppfattast som ei eining [jf. Sundby 1974:373].) Ved dei tause normene er det tale om ei internalisert semje om kva som er meningsfull og mogleg språkbruk (jf. Gullvåg 1991: 16). Og ved at det eksisterer ei semje om språkbruk, og denne også verkar handlingsrettleiande, vert norma *gyldig*.

Språknormer er altså *formulerte eller ikkje-formulerte postulat som verkar retningsgivande på språkbruk*.

At språknormer verkar retningsgivande på språkbruk leier oss over til eit anna poeng, nemleg at der er eit prinsipielt skilje mellom språknorm og språkbruk. For normer "er" ikkje språkbruk. Normer er

abstrakte fenomen; dei er førestellingar i hovuda på folk, og eksisterer ikkje som konkrete handlingar eller "brute facts" – "råfakta" – i John Searle si tyding (jf. sst., Vannebo 1980:4). Regelmessig åtferd kan nok vere teikn på at normer er internaliserte, men denne åtferda er ikkje i seg sjølv normene (jf. Sundby 1974:131; Bartsch 1987:166f; Gloy 1993:44-45, 1997). Sjølv om normene impliserer ei oppfatning om at språkbruken skal vere i tråd med postulata om korrekt språk, vil ikkje det seie at språkbruken reint faktisk svarar til desse postulata (jf. Sundby 1974:17). Såleis er det i søkinga etter "norma" ikkje nok å granske språkbruken gjennom innsamlingar og induktiv tolking av tekstkorpora, ordbøker etc.

No er der somme som forstår språknormer som tilnærma lik språkbruk. John Lyons (1981:48) meiner t.d. at normer i alle fall er immanente i språklege handlingar. Eric Papazian (1994:6) hevdar at dersom ein kan lære normer ved å observere åtferd, må normene på ein eller annan måte liggje i åtferda. – Kvar skal dei elles liggje? spør han. Underforstått: Det er berre gjennom å obserere språkbruk ein kan få empirisk kunnskap om normer.


Når utgangspunktet her vert noko annleis, er det ikkje ut frå nokon tanke om at det er irrelevant å take omsyn til språkbruken for å klassifisere ei norm. Som Esa Itkonen (1978:125; 390) er inne på, er det prinsipielt sett uråd å tale om normer utan også å take omsyn til handling (i dette tilfellet: språkbruk); desse to aspekta står i eit vekselforhold til kvarandre.<sup>3</sup> Det er vidare klårt at vi til ein viss grad kan avleie språknormer av regelmessig språkbruk, og at språkbruken vil vere med på å reprodusere normer, ettersom folk lærer gjennom observasjon og deltaking med andre. Og som sosiolingvistikken har vist oss, er der ofte ein diskripsjon mellom den språkbruken folk trur dei har, og den dei faktisk har (jf. diskusjonen i Trudgill 1972:184f). Men språkbruken vert berre eitt av fleire kjeldetilfang. Det er ved normstudiar to andre tilfang ein også må sjå på: a) dei oppfatningane folk har om normer (eksplisitte normer) og b) dei intuisjonane folk har om normer (normer som "taus" kunnskap). Desse to sistnemnde tilfanga må så vurderast i høve til faktisk språkbruk.

### 3 Fastsette og internaliserte normer

Ei norm er alltid ei norm *for nokon*, ho eksisterer ikkje "i seg sjølv". Skal vi forstå normene, må vi sjå dei i høve til relasjonar mellom menneske. Nils Kristian Sundby har i si doktoravhandling *Om normer* (1974) argumentert for eit relasjonelt normomgrep, og illustrert det som i modell 1.

---

<sup>3</sup> Jamvel om Itkonen bruker 'rules' der vi talar om 'normer'



Modell 1. Etter Sundby 1974.

Det som i modellen vert kalla *normativ utsegn* (posisjon 'x') refererer hos Sundby til ei språkhandling av typen direktiv eller kvalifisering. For at den normative utsegna skal verte gjeldande som norm for ein person (posisjon 'y'), må der vere ein *relasjon* mellom posisjon 'x' og språkbrukarane i posisjon 'y', nemleg posisjonen 'R'. I denne relasjonen der norma gjeld *for nokon*, kan normene ifylgje Sundby kome til på prinsipielt sett to måtar: internalisering og fastsetjing.

*Internalisering* viser til ein psykologisk prosess der einskildindvidet får ei spesiell og nær tilknytning til normene: Normene vert ein del av det indre eg-et (super-eg-et). Felles for dei internaliserte normene er at individet kjenner seg indre bunde av dei; det kan vere usamd i normene, men vil, medvite eller umedvite, kjenne ei indre plikt til å fylgje dei (s. 127). Av og til vert internaliserte normer karakteriserte som dei normene ein tileignar seg på ein uformell og umedviten måte, fyrst og fremst i barndomen (jf. Vikør 1994: 66). Denne karakteristikken gjeld nok for dei fleste tilfella, men inneber likevel ei forenkling: Internalisering viser fyrst og fremst til ein *prosess*, og denne kan gjelde både for offisielle og uoffisielle normer og kan skje også seinare i livet.

*Fastsette normer* (s. 149) består av normative utsegner frå ein person eller institusjon med særskild autoritet. Det kan t.d. vere vedtak som Norsk språkråd eller andre normeringsinstitusjonar kjem med, t.d. at ordet *service* kan skrivast *sørvis*. Desse vert gyldige ved at Norsk språkråd har ein spesiell autoritet i språkspørsmål. Sundby talar i denne samanhengen om *normativ kompetanse* og om *kompetansenormer*. Desse "metanormene" (s. 309) set opp kvalifikasjonsvilkår som skil mellom gyldige og ugyldige språkhandlingar (s. 151). Det er innlysende at dette skiljet har med makt å gjere, men ei slik makt treng ikkje å vere formalisert. Der er fleire døme på det:

- Ordboksredaksjonar, som den tyske DUDEN, eller som riksmålsordlista som ein privat språkorganisasjon, Det Norske Akademi for Sprog og Litteratur, gav ut på 1950-talet ("Øverlands blå"), og som vart retningsgivande for rettskrivinga i fleire konservative aviser og i delar av det private næringslivet (Torp og Vikør 1993: 227).
- Språknormeringa i medieverksemdar, jf. BBC sin standarduttale eller *Aftenposten* sin språknormal.

- Omsetjingsbyrå (som bestemmer seg for *ei* form når der er valfridom i rettskrivinga).
- Industribedrifter, t.d. Statoil med sitt program for å fornorske oljeterminologien (sjå Kaplan m.fl. 1997 for studiar av språknormering på mesonivået).

Statusen til dei normative ytringane er i desse tilfella verken offisiell eller statleg; likevel er han reell nok: Ytringane får nemleg status som normer pga. dei reelle kvalifikasjonsvilkåra som sendaren har. (Ut frå John Searle [1969] sin språkhandlingsteori, som Sundby referer til, er det her tale om språkhandlingar med perlokusjonær effekt (s. 150).) Manglar derimot normsendaren status, får ikkje normene gjennomslagskraft. Det kan illustrerast ved den manglande suksessen for skriftnormalen åt Landslaget for Språklig Samling.

Mange vil hevde at internalisering er nødvendig for at ein skal tale om normer: Eric Papazian (1994: 13) meiner normer "alltid er internaliserte", og at desse står i motsetnad til "utsagn om normene"; han refererer her til Bohuslav Havrának sitt skilje mellom *Kodifikation der Sprachnorm* (t.d. ein skulegrammatikk) og *die Sprachnorm selbst* (ibid.). Ein kan då gjere som Renate Bartsch (1987: 177), og bruke nemninga *norm formulation* der Sundby talar om fastsette normer. Eg vil derimot halde meg til Sundby sin terminologi, og denne terminologien har òg fått eit visst gjennomslag i Noreg; han er nytta av t.d. Lars S. Vikør (1994) etter mønster av Vannebo (1980). Men medan skiljet hos Sundby (1976: 158) er meir flytande, set Vikør normtypane opp som nokså klårt definerte. Vikør knyter òg internaliserte normer spesielt til talemål og fastsette normer til skriftspråk; det inneber ei viss perspektivforskyving i høve til den psykologiske prosessforståinga som Sundby legg opp til. Like fullt er Vikør (1994: 70) inne på at målet med språkplanlegginga er at dei fastsette normene skal verte internaliserte av flest mogleg, dvs. at internalisering er ein prosess.

Korleis kan så fastsette normer verte utbreidde i samfunnet? For den offisielle normeringa er det fyrst og fremst skulen som står for implementeringa. I tillegg er det i dei fleste land slik at statsadministrasjonen er pliktig til å fylgje offisiell rettskriving. Tankegangen er så at dei andre store normpåverkarane (aviser, forlag, fjernsyn og radio, omsetjingsbyrå etc.) vil fylgje etter, og at normeringsvedtaka til slutt også vil nå fram til den vanlege språkbrukaren. I praksis viser det seg at implementeringa ikkje går så eintydig føre seg. For det fyrste er det normeringsvedtak som ikkje når fram til språkbrukaren. Kor mykje eller lite dette gjeld, veit ein enno ikkje så mykje om, ettersom det ikkje finst så mykje empirisk forskning på emnet (jf. Omdal 1996: 132). For det andre kan det vere heilt andre

normeringsaktørar enn dei offisielle som kjem med normutkast som så kan verte opphøgde til normer i samfunnet (jf. Kaplan og Baldauf jr. 1997 (som legg særleg vekt på mesonivået, dvs. bedrifter, organisasjonar etc., sjå t.d. s. 254f)). For det tredje kan normutkast få ein annan effekt enn det som var tiltenkt: Den nye teljemåten som vart innført i norsk i 1951, har ikkje ført med seg at den gamle teljemåten har forsvunne, men at ein i staden har fått ei funksjonell deling der ein kan seie *trestito* i meir formelle samanhengar, t.d. om bankkonti eller telefonnummer, men *toogtredivve* i meir uformelle samanhengar, t.d. om alderen sin (jf. Lauritsen 1996).

#### 4 Synkron og diakron tilnærming

Så langt har vi vore innom *prosessen* bak normskaping. Ein kan òg sjå normer frå ein synkron synsstad, og då skil ein tradisjonelt mellom to normtypar, såkalla *konstitutive* og *regulative* normer (jf. Searle 1990: 33, Gullvåg 1991).

Konstitutive normer er normer som gjer erkjenning og handling mogleg. Døme på slike normer er spelereglar i backgammon; dei gjer det mogleg å spele backgammon – utan reglane vert spelet meningslaust. Dei konstitutive normene definerer såleis ein praksis, og fastset kva for aktivitetar og handlingar som er sosialt relevante (jf. Bartsch 1987: 172). Likeins med språk: Konstitutive språknormer er normer som gjer visse typar språkbruk (eller språkbruk generelt) mogleg. Det er då tale om den tause, internaliserte semja om kva som er meningsfull og mogleg språkbruk, t.d. innanfor syntaks, semantikk, pragmatikk etc.

Regulative normer skil seg frå dei konstitutive ved at dei i og for seg ikkje er nødvendige; dei er meir hjelpemiddel for å oppnå handling og erkjenning. Vi kan tenkje oss at rettskrivingsreglar og uttalereglar er døme på regulative normer (dei gjer det lettare å nå meir grunnleggjande sider ved språk) (jf. Gullvåg 1991: 23).

Skiljet mellom konstitutive og regulative normer seier noko om kva normer som er primære for språk og språksamfunn, og kva normer som er sekundære. I tillegg er skiljet relevant for pragmatiske analysar. Etter John Searle sin språkhandlingsteori kan konstitutive normer karakteriserast som kvalifiseringar (språkhandlingar som i seg sjølve definerer røyndomen), medan regulative normer er direktiv (retta mot mottakaren for å påverke haldningane og handlingane hans).

Viss vi no går eit steg vidare, kan skiljet mellom konstitutive og regulative normer vere relevant ikkje berre for normene som realitetar, men òg m.o.t. *førestellingar* om desse to normtypene. Mange har nemleg haldningar om at visse normer er meir konstituerande enn andre:

- I Vestmannalaget eller Høgnorskringen (organisasjonar som arbeider for ein svært tradisjonalistisk nynorsk) er det ei oppfatning om at visse trekk ved nynorsken er konstituerande for honom (som i-ending i bunden form singular av svake femina ('i-målet') og forma *Noreg* (i motsetnad til *Norge*)).
- Riksmålsforbundet hadde lenge eit tilsvarande forhold til faneformer som *nu*, *efter*, *frem* og *sne*.
- Under diskusjonen om den nye dansk-færøyske ordboka kom det argument om at godkjenning av fleire danismar ville vere drepende på færøysk språk. I eit lesarinnlegg i *Dimmalætting* 16.1.96 spør Ivan Hansen korleis eit bokforlag kan vere så iskaldt at det "uttan at blunka hira knívin í mó\_ursmålshjarta\_".
- I det norske ordskiftet om engelskpåverknad finn vi påstandar om at lån frå engelsk kan bryte ned det morfologiske systemet, ordlån kan øydeleggje heimleg orddanning og representere ein trugsel mot heimleg språk og heimleg språkidentitet (noko som altså på sikt er meint å vere konstituerande for det heimlege språket) (jf. Lundebý 1987, 1988; Norsk språkråd 1990).

Ein kan stille seg tvilande til realitetane i det som vert sagt gjennom desse døma. Poenget her er at det eksisterer *førestellingar* om at somme normer er meir konstitutive enn andre (det treng naturlegvis ikkje å vere eit fullstendig samsvar mellom førestellingar og realitetar). I ein normeringssamanheng kan førestellingane få konsekvensar for synspunkt og handlingar; dei kan m.a. føre til puristisk aktivitet (som i døma ovanfor).

### **Operative" vs. "preskriptive" normer**

Ved sidan av skiljet mellom konstitutive og regulative normer er der ein annan motsetnad som går inn i den synkrone måten å forstå språknormer på, nemleg mellom *operative* og *føreskrivne* normer. Det er Helge Dyvik (1993:170) som i artikkelen *Normbegreper, systembegreper og individueringen av norske skriftspråk* har sett opp denne motsetnaden. (Dyvik talar rett nok fyrst om "empiriske normer", men har seinare gått over til nemninga "operative normer" som også skal nyttast her.)

Med "operative normer" meiner Dyvik "uformulerte normer som faktisk er operative i et språksamfunn" (s. 171); dei vert nytta i språkleg kommunikasjon. Eit stikkord for Dyvik sin måte å operasjonalisere desse normene på, er "korrekthet". Det språkleg korrekte er ikkje noko konkret fenomen, det kan ikkje observerast direkte som eit "råfaktum", men som eit institusjonelt faktum, skriv han. Tilgang til det korrekte får vi så gjennom informantar og deira språklege intuisjonar (s. 170). Det er



dermed, som alt nemnt, ikkje nok å telje former i tekstkorpora; ein må tolke språkbrukarane sine intuisjonar og teste desse i høve til faktisk språkbruk:

Og tilgang til normene har vi bare via informanter og deres språklige intuisjoner. Det betyr ikke at det er informantenes språklige intuisjoner som er vårt studieobjekt, selv om dette ofte blir hevdet. En språkforsker operer alltid med den mulighet at informantenes intuisjoner må skjerpes eller kontrolleres mot faktisk språkbruk eller mot andre informanters intuisjoner [...] Den enkelte informant kan ha partielle eller mangelfulle intuisjoner om disse normene [de konstituerende språknormene]; i en tilstrekkelig stor gruppe er normene likevel avslørbare.

Normene ligg altså ikkje i språkbruken, men språkbruken er med på å gi kunnskap om intuisjonane, dvs. om normene.

Dei føreskrivne normene kjem på si side frå ein normautoritet (t.d. Norsk språkråd), og kan i hovudsak jamførast med det Sundby kallar fastsette normer. For Dyvik er desse normene ikkje berre sekundære – dei er stort sett *irrelevante* for individueringa av eit skriftspråk (s. 172):

Det er for eksempel meningsløst å hevde at vi har to skriftspråk-varianter her i landet kalt moderat og radikalt bokmål, under henvisning til vedtak i offisielle organer. Offisielle organer kan ikke skape skriftspråk, så Norsk språknemnds eller Norsk språkråds annaler kan ikke være det empiriske grunnlag for individueringen av dem.

Her tenkjer Dyvik på “individuering” som ‘det som gjer at eitt skriftspråk skil seg frå eit anna skriftspråk’, det er altså tale om dei konstitutive normene. I ein slik samanheng vert dei føreskrivne normene i fylgje Dyvik relevante berre gjennom innverknad på den operative norma – “og hvorvidt de har fått det, er et rent empirisk spørsmål”, og må vurderast gjennom studiar av språkbrukarane sine intuisjonar og i høve til faktisk språkbruk (s. 173).

Dyvik har eit reint synkront utgangspunkt, og frå ein synkron synsstad er det vanskeleg å ikkje gi Dyvik rett.

Som vist av Odd Kjetil Rangnes (1990:221f ) i ein studie av språkhaldningar hos oljearbeidarar, kan uttrykket “operative normer” heilt klårt ha ein analytisk nytteverdi: Rangnes peikar på ein påfallande skilnad mellom offisielle termar, dvs. dei preskriptive normene for oljespråket (slik desse vert uttrykte i oljeordlister og Norsk termbanks termdatabase), og den reelle termbruken på oljeplattformane, dvs. dei operative normene. Normerte termar kan t.d. vere *drivør*, *ventiltre* og *rørkoplingshylse*, medan dei brukte termane er *kelly*, *juletre* og *musehull* (for engelsk *kelly*, *christmas tree* og *mouse hole*) (s. 208). Dei operative normene er i fylgje Rangnes “fagmiljøets egne, uformelle og underbevisste normer, etablert og opprettholdt gjennom praktisk bruk i konkrete arbeidssituasjoner” (s. 221). I dette tilfellet seier forholdet mellom preskriptive og operative normer noko om kva gjennomslags-

kraft den offisielle normeringa har – om ho har “lukkast” og på kva måtar ho eventuelt har “mislukkast”.

Ser vi derimot norm-spørsmålet frå ein diakron og prosessuell synsvinkel, t.d. gjennom utviklinga av europeiske skriftspråksnormer, vert biletet noko annleis: Der har offentleg normering spela ei ganske viktig rolle; det gjeld t.d. for utskiljinga av svensk og dansk skriftspråk i høve til kvarandre, for utskiljinga av t.d. norsk bokmål som eit sjølvstendig språk i høve til dansk. Likeins gjeld det vidareutviklinga av norsk gjennom ulike rettskrivingsendringar (t.d. 1907, 1917 og 1938) der fastsette normer har gått over til å verte internaliserte normer. (Rett nok har ikkje alle endringar hatt den effekten som var førespegla.)

No seier rett nok ikkje Dyvik at preskriptive normer har vore irrelevante i ein diakron prosess – det han er oppteken av, er relevans i høve til *individuering* av språk. Men dersom vi overfører Dyviks resonnement til også å gjelde normeringsaktiviteten, kan ein kome til å oversjå det diakrone aspektet, og berre fokusere på den synkrone normtilstanden.

Skilnaden mellom ei diakron og ei synkron tilnærming til normspørsmålet kan illustrerast ved hjelp av denne modellen:

---

<i>Synkron språktilstand</i>	Konstitutive normer	(primære for språket)
	Regulative normer	(sekundære for språket)
	Operative normer Preskriptive normer	(verksame i språket) (offisielle normutkast)

---

*Diakron språkprosess*    Internaliserte normer <-----    Fastsette normer

---

Modell 2. Illustrasjon av skilnaden mellom ei synkron og ei diakron tilnærming til normspørsmålet.

Det fyrste omgrepsparet i modellen – motsetnaden mellom regulative og konstitutive normer – viser til det *synkrone*; til ulike normtypar i ein synkron språktilstand. Her høyrer også Dyvik sin motstnad mellom operative og fastsette normer heime.

Det andre omgrepsparet – motsetnaden mellom fastsette og internaliserte normer – viser derimot til ein *diakron* prosess. Eit slikt omgrepsspar representerer ein meir *dynamisk* måte å nærme seg normeringsspørsmålet på, og gir òg meir mening til språknormering som aktivitet.

## 5 Individualitet og normer

Vi skal gå litt tilbake til internaliseringsprosessen. Noko som er slående med denne, er rolla til einskildindividet. I kraft av internaliseringa vert normene noko som finst "inne i" einskildindividet, som ein del av det mentale skjemaet. Sundby (1974: 125) trekkjer dette poenget så langt at han opererer med individuelle normer (t.d. personlege moralnormer). (Desse vert så gjennom ulike normrelasjonar knytte saman med andre eventuelle individuelle normer til eit "normsystem".) Det individuelle kan kanskje verke uinteressant for oss: Den rolla normene spelar i høve til språket, er jo basert på den kollektive basisen dei har; dette har ikkje minst Wittgenstein drøfta grundig i *Philosophische Untersuchungen*. På den andre sida: Normer er ikkje uavhengige objekt som svevar for seg sjølv i det ytre rommet, og dei styrer heller ikkje menneska mekanisk utanfrå. Sundby (1974: 12f) er inne på dette poenget i det han kallar "opplevelsesmodellen" av normer. Han viser her til fenomenologane for å kritisere den altfor utvendige normoppfatninga (s. 13):

Fenomenologene har – med rette etter min mening – kritisert de normteoretiske tilnæringsmåter som lar normene fremtre som noe rent ytre, elementer i et slags eget normativt univers som ubønhørlig styrer det enkelte menneske utenfra.

Ut frå eit slikt perspektiv, og ut frå det prinsippet at individ kan internalisere normer på ulik måte, kan ei interesse for individnivået også opne opp for interesse for normvariasjon, og for å vurdere normvariasjon som noko positivt.

Meininga her er ikkje å gli over i ei postmoderne individualisering. Sjølv om einskildindividet opplever språkbruk og språknormer subjektivt – slik desse opptrer for honom eller henne – spelar kjennskapen til institusjonelle fakta som t.d. språkreglar ei avgjerande rolle for at språkbruken skal gi mening (*som* språkbruk) (jf. Sundby 1974: 13). Der er altså tale om *både* ei individuell og ei sosial side. Individ kan velje mellom ulike normer, men dei gjer vala i høve til ein kontekst, og denne er sosialt konstituert.

Kombinasjonen av dei sosiale og individuelle sidene kjem fram i

fleire nyare sosiolingvistiske arbeid. Det gjeld t.d. Brit Mæhlum si doktoravhandling *Dialektal sosialisering* (1990), som handlar om språklege strategiar og val blant barn og ungdom i Longyearbyen på Svalbard. Mæhlum fokuserer på einskildpersonar og deira subjektive grunnar til å velje den eine eller den andre "strategien". På denne måten får ho fram andre normforklårande faktorar enn kva som er tilfellet i dei tradisjonelle sosiolingvistiske analysane av korrelasjonen mellom språk og sosiale einingar (som kjønn, sosial lag, alder etc.). Det vert samstundes klårt at kjennskapen til konteksten er viktig, og at den er med på å konstituere vala mellom dei ulike språkstrategiane (å snakke nordnorsk, austnorsk, dialekten etter foreldra eller interdialektalt ["blandingsdialekt"]).

Gunnstein Akselberg har i si doktoravhandling *Ein fenomenologisk dekonstruksjon av det labov-milroyske paradigmet i sosiolingvistikken* (1995) kritisert måten sosiolingvistikken har framstelt formidlinga av normer frå samfunnet til den einskilde språkbrukaren på (s. 66–67). William Labov, grunnleggjaren av sosiolingvistikken, har ifylgje Akselberg eit for abstrakt og makroorientert perspektiv. Lesley og James Milroy kjem med nettverksanalysane nærmare inn på determinantane, men lukkast heller ikkje: Ingen av desse har gått inn på korleis språkbrukarane sjølve tolkar og konstituerer livsverda si; opplevingane åt dei einskilde kjem ikkje fram. Utfordringa vert så å få operasjonalisert dei fenomenologiske sidene og setje dei inn i ein korrelasjonsorientert sosiolingvistisk analyse.<sup>4</sup>

Vi merker her ei interessant nyorientering der individuell normtileigning vert tillagt større vekt. Vektlegginga av det individuelle er sterkast i sosiolingvistik og ulike pragmatiske subdisiplinar. I språkplanleggingsvitenskapen har ein derimot vore meir interessert i normsendarane enn i normbrukarane. Det kan likevel vere på veg eit visst skifte også her, i Noreg m.a. ved Helge Omdal (1996) som har argumentert for å sjå "språknormering i mottakarperspektiv". Hans studiar går inn på verknadene av normeringstiltak, om dei vert fylgde opp, og på kor tenlege dei er. Eitt anna døme på nyorienteringa finn vi i Odd Kjetil Rangnes (1999) sin studie av haldningar til fornorsking av oljeterminologien blant nordsjøarbeidarar.

---

<sup>4</sup> Akselberg vil take med dei individuelle personane sine opplevingar gjennom å bruke Pierre Bourdieu sitt feltomgrep og kombinere det med Thomas Luckmann sitt omgrep om *Parallelaktion*, ut frå tesen om at "mennesket sine 'aksjonar', dvs. handlingar, medvitne og umedvitne, konkrete og abstrakte, er indirekte uttrykk for dei fenomenologiske 'aksjonane'" (72). Sjølve analysen i Akselbergs studie er meir kvantitativ og makroorientert. Det treng ikkje å vere ei motsetning, då Akselberg fyrst og fremst er ute etter å dekonstruere det han kallar det labov-milroyske paradigmet, og ikkje å gjere ein mikroanalyse.

## 6 Korleis vert språknormer sosiale?

Frå det individuelle går så vegen til *det sosiale*. For at normer skal fungere rettleiande, må dei ha visse sosiale eigenskapar – dei må vere intersubjektive. Intersubjektivitetsomgrepet er samansett og kan vurderast på ulike nivå og frå ulike faglege synsvinklar. Her bruker vi det nokså laust for å karakterisere eit mentalt fellesskap som fyller sosiale funksjonar. Tanken er at det ved intersubjektivitet veks fram ei form for semje og tilpassing: Fleire menneske tek til å handle regelmessig i høve til visse forventingar, og handlingar som står i strid med forventingane, vert kritiserte. Dei kollektive førestellingane om kva som er korrekt, og kva som er feil, vert etter kvart gjorde til erfaringar og referanseramme for ei større gruppe einskildindivid.

Kor "felles" må så språknormene vere for å kunne karakteriserast som "intersubjektive"? Vi skal her take utgangspunkt i to ulike tilnæringsmåtar til dette spørsmålet, ei "sentralistisk" og ei "pluralistisk" tilnærming.

### "Sentralistisk" tilnærming

Den sentralistiske tilnærminga kan representerast av den tyske språkfilosofen Renate Bartsch og hennar teoretiske verk *Norms of Language* (1987). (Dette er i grove trekk ei omsetjing av ei bok Renate Bartsch gav ut på tysk i 1985: *Sprachnormen: Theorie und Praxis*. Tübingen: Niemeyer.)

Utgangspunktet for Bartsch er førestellingar om kva som er korrekt språkbruk. Desse førestellingane vert til sosiale realitetar gjennom normene: "The norms are the constellations in social reality that create, delimit, and secure the notions of correctness" (s. 70). Normer vert i sin tur definerte som "the social reality of concepts of linguistic correctness" (s. 75). Det som ifylgje Bartsch gjer normer til sosiale realitetar, er for det fyrste at det eksisterer eit "norm concept", som utgjer innhaldskomponenten og normkarakteren, og som konseptualiserer ein forventa regularitet (s. 177). Normkonseptet må oppnå fire eigenskapar (ibid.):

1. Aksept: Normkonseptet er vorte ei rettesnor for handling. Folk ynskjer (eller ser det som nødvendig) å take i bruk verkemiddel for å korrigere åtferd som står i motstrid til konseptinnhaldet.
2. Tileigning: Normkonseptet eksisterer for folk som ein praksis.
3. Gyldigheit: Folk grunngir språkbruken ved å referere til norma.

4. Legitimitet: Normkonseptet samsvarar med høgare normer, verdier eller mål som folk har.

Gjennom desse fire eigenskapane er normene både internaliserte og det Bartsch meiner er sosiale realitetar. På denne måten vert normene òg intersubjektive (Bartsch 1987: xiv):

The contents of norms achieve intersubjectivity in what I call 'the social reality of norms'. This is a network of observable regularities in human behaviour, namely of regularities on the level of exemplifying the contents of norms in our natural and social surroundings, and on the regularities on higher (meta-) levels of behaviour as we find them in acts of criticizing and correcting lower-level behaviour, as well as in acts of formulating and codifying norm contents. This objectivity and intersubjectivity of norms make it possible for the individual to build up (subjective) norm concepts in such a way that he and others can think of them as objectively and intersubjectively valid. Although norm concepts are in our heads, so to speak, they are intersubjective thanks to their social reality.

Intersubjektivitetskriteriet gjer det ifylgje Bartsch råd å skilje mellom korrekt og ikkje-korrekt og mellom gyldig og ugyldig språkbruk. Ho skil seg då frå relativistar som ser på normer som heilt vilkårlege subjektive kjensler som ikkje kan vere objektivt gyldige (jf. òg Gullvåg 1991: 33).

Bartsch skil mellom dei korrektheitsførestellingane som er formulerte (som normer), og dei som er uformulerte. Dei sistnemnde kallar Bartsch for "models" (ibid.). Somme av desse modellane er meir sentrale enn andre, og det vert danna eit modellhierarki der visse domene og visse språkvarietetar får høgare status enn andre. Her spelar nærleik til sentrum ei viktig rolle: Der er forventingar om at aktørane nærmast det kulturelle, politiske, økonomiske eller geografiske sentrumet skal oppføre seg meir korrekt enn andre. Dess lenger avstand til sentrum, dess mindre relevant er det med *korrekt* språkbruk, skriv Bartsch (s. 71).

I høve til standardspråket er det for Renate Bartsch (1987: 101) ikkje noko poeng at heile folkesetnaden skal tileigne seg ei norm. Det viktigaste er at *danningseliten* internaliserer normutkastet; eliten har makt til å gjere normer kjende, gi dei prestisje og ev. tvinge dei på andre lag av befolkninga. Bartsch refererer her til Einar Haugen, som i 1966 brukte døme frå norsk språkpolitikk til å konkludere med at "A norm must be adopted or adoptable by the leader of whatever society or subsociety is involved." (ref.: 239). Dersom eliten vel å bruke eitt av to konkurrerande språk, vil det språket som ikkje vert valt, få det vanskelegare. Eit anna problem oppstår derimot når eliten i seg sjølv ikkje vert akseptert av befolkninga. Då kan elitespråket verte utfordra av ei rørsle som vil ha eit anna språk – "a language of the masses" (s. 240); Bartsch ser på framveksten av nynorsken i ein slik samanheng (ibid.). (Ein alternativ synsmåte vil her vere å sjå på leiarane for nynorskørsla som

representantar for ein alternativ elite; Bartsch har generelt eit noko statisk syn på kven som utgjer eliten.) Bartsch er innforstått med at eliten har interesse av å bruke normer til å halde på status quo i samfunnet; det vil som oftast seie å sikre privilegia for dei som profitterer på normene (s. 173). Men trass i at språkstandardisering på denne måten kan fungere udemokratisk, er prosessen likevel legitim, meiner ho: For det fyrste er det ingen standardspråk som skaper seg sjølve; det dannande sjiktet av befolkninga vil då vere den rette gruppa for ei slik oppgåve. For det andre vil sjølve prosessen med å gjere normene intersubjektive også rettferdiggjere normene i høve til resten av samfunnet. For det tredje er folk normkonservative og interesserte i stabilitet, fordi dei vil halde oppe den sosiale samhandlinga (s. 173). Bartsch ser at normkonservatisme og elitestyring i visse tilfelle kan føre med seg sosiale kostnader, og peikar på at aktørane i språknormeringa bør vere merksame på desse. Ho gjer likevel ikkje det til noko vesentleg poeng i resonnementet sitt. For henne er det meir viktig å koordinere dei ulike normene i eit standardspråk; ho hevdar at ei standardisering kan verke som ei frigjering ved at det "reduces the burden a lifelong social identification with a group can be" (s. 290).

Ut frå sitt hierarkiske normsystem set Bartsch opp to hovudsett av språknormer som meir relevante enn andre, og desse hentar ho frå den tyske lingvisten Helmut Schnelle (1976) sitt skilje mellom *die Sprachausprägung* og *die Sprachbeherrschung* (s. 158). Ei *Sprachausprägung* (eit 'språkpreg') er ifylgje Schnelle den type kompetanse ein språkbrukar har i ein spesifikk varietet (dialekt, sosiolekt, fagspråk, etc.). Etter kvart som ein rår over nye språkpreg, vil dei ulike typane av kompetanse gjerne påverke kvarandre. Det oppstår på denne måten eit system av stukturar som er knytte til kvarandre, og dette er *Sprachbeherrschung* ('språkbehersking'). Denne siste eigenskapen dreier seg ikkje berre om dugleikar og tame i formsystemet, men omfattar òg kompetanse i konvensjonane for språkbruk i ulike kontekstar, og i strategiane for vellukka språkhandlingar etc. Det er ut frå denne kompetansen ein ifylgje Bartsch kan seie at språkbrukarane har ei metaforståing av språk, dvs. ei førestelling om at det eksisterer ein modell av intersubjektive reglar som til saman utgjer normene til eit språk.

I tileigninga av normer vil normrelevans spele ei rolle. Bartsch refererer igjen til Schnelle (1976), som skriv at folk tileignar seg ei norm berre dersom norma er i samsvar med handlingar, interesse og behov som står sentralt for ein sjølv og gruppa ein vil tilhøyre (Bartsch 1987: 159, hennar omsetjing av Schnelles tyske originaltekst frå 1976):

Because the individual speaker is not himself the model he only needs to adapt to it [the valid norm] as much as (a), it is possible for him, and - this is important - as much as (b), it is compatible with other relevant behaviour that he has chosen and that is typical for a

subgroup of the speech community (eg logic and scientific language, poetry, etc.), and as much as (c), it is compatible with his legitimate and special interests and aims.

For den som ikkje tilhøyrer eliten, er det ifylgje Bartsch ikkje like relevant å tileigne seg dei standardiserte formene. Bartsch vil likevel ikkje argumentere for eit relativistisk normsyn der alle normer er "like gode". Resonnementet er framleis at standardspråket ligg på eit "høgare" nivå, og at det er i betre stand til å koordinere ulike normer i samfunnet (s. 290). Hos Bartsch ligg der òg sosiale argument for standardspråket: Eit standardspråk kan hjelpe på sosial mobilitet og dermed fungere frigjerande for den einskilde språkbrukaren (jf. ovanfor). Bartsch nyttar dette resonnementet til å kritisere den tyske lingvisten H. Heringer og hans åtak mot tysk *Sprachpflege*, spissformulert i tittelen "Normen – ja aber meine!" (1982). Heringer sitt utgangspunkt er at offentleg normering er basert på normsynet at dei som normerte, og at det beste ville vere om einskildindividet fekk fridom til å velje sine normer. Bartsch, derimot, meiner at ein slik individuell normfridom i praksis berre vil gjelde for den intellektuelle eliten. Den vanlege arbeidaren kan vanskeleg kome med eit slikt ynske, og dermed uttrykkjer Heringer ein elitistisk arroganse (s. 290):

His claim is very true and, at the same time, very arrogant because its truth is merely an accidental one: a member of other social classes, like a worker or a peasant, or a pupil who is not a child of the educational élite, will certainly get into trouble in public life when saying 'Norms? Yes but mine!' and living up to it.

Bartsch baserer seg her på maktsituasjonen og språksituasjonen slik ho meiner denne er i det tyske samfunnet. Ifylgje henne vil det vere naivt å tenkje seg eit grunnleggjande annleis språksamfunn og annleis normsystem.

### **"Pluralistisk" tilnærming**

I moderne sosiolingvistikk er det vanleg å hevde at språk manifesterer seg gjennom varietetar. Standardspråket vert dermed ein av fleire varietetar, og ikkje nødvendigvis noko utgangspunkt for å vurdere alle andre varietetar som dialektar, sosiolektar etc. (Hudson 1996: 22f). At det i praksis vil vere eit hierarkisk forhold mellom dei ulike varietetane, skuldast meir maktforhold i samfunnet. At det skriftlege standardspråket vert vurderte som meir verdfullt enn dialektar, er noko ein kan problematisere og eventuelt freiste å modifisere. Dersom ein berre fokuserer på dei koordinerande sidene ved standardspråksnormene, kan ein skape eit skeivt bilete av det mangfaldet av språknormer som finst, og dei normkonfliktane som ligg innebygd. Sidan normer er menneskeskapte fenomen, er det òg mogleg å manipulere med dei og å endre dei.



Den tyske språknormteoretikaren Klaus Gloy har i artikkelen *Sprachnormforschung in der Sackgasse? Überlegungen zu Renate Bartsch, Sprachnormen: Theorie und Praxis* (1993) ein pluralistisk innfallsvinkel, og han går til åtak på Renate Bartsch sitt normsyn som han meiner er for eliteorienterte.<sup>5</sup> Han hevdar at Bartsch ved å setje opp korrekt meddeling som det øvste målet for kommunikasjon, ikkje berre vert for snever, men også fungerer normativt (s. 43f; 36). I fylgje Gloy skjer ikkje handlingskoordinering berre i høve til om meddelingane er korrekte, men òg på basis av tilskriven handlingsmotivasjon, av føremål og av konsekvensar. <sup>6</sup> Gloy spør dessutan om eit normkompleks som fører til sosiale kostnader, eigentleg bør takast i bruk (s. 54f). Bartsch argumenterer for med at ho skildrar det som faktisk er tendensen, nemleg at eliten spelar ei viktig rolle for kva som konstituerer normer. Gloy meiner at ei slik framstilling ikkje er legitim: Normer er historisk-konkrete og ikkje historisk nødvendige. Bartsch sitt “moderne verda”-perspektiv overser korleis språknormer er med på å halde ved like sosial ulikskap, hevdar han. Ved å ikkje problematisere dette godt nok, gir Bartsch indirekte legitimitet til denne ulikskapen, og dermed fungerer normforskninga hennar normativt, meiner Gloy. Bartsch sjølv polemiserer mot motstandarane av eliteorientert språkstandardisering ved å kalle dei anarkistar og marxistar, og ved å sjå deira kritikk som kritikk av normer generelt (s. 55-56). Dette ser Gloy som ein usakleg måte å unngå debatt på, og han meiner Bartsch med å marginalisere dei problematiske sidene ved normsituasjonen, gjer seg skuldig i det han kallar *Pilatus-syndromet* (ibid.).

## 7 Deskriptiv vs. normativ vitskap

Språknormering er som aktivitet preskriptiv – han føreskriv kva som skal vere korrekt språk (jf. Bruthiaux 1992). Derimot skal dei vitskaplege studiane av språknormer og språkplanlegging ideelt sett vere deskriptive – dei skal beskrive og forklåre korrekt språk. I praksis kan

---

<sup>5</sup> Klaus Gloy har skrive fleire bøker om språknormer ut ifrå eit kommunikasjonsteoretisk perspektiv. Han har vore kritisk til metodar i tradisjonell lingvistik og til å avgrense forskingsobjektet til å gjelde dei språklege formene; dei er berre ein del av den kommunikative akta (jf. òg oversikt hos Skyum-Nielsen 1986: 221).

<sup>6</sup> I artikkelen sin frå 1993 er Gloy elles misnøgd med analogien Bartsch gjer mellom rettssystemet og språknormering, og fokuseringa på lingvistar i rolla som språkkultiverarar; Gloy vil heller tale om ein eigendynamikk i språkssystemet. Han skisserer ein ny måte å granske språknormer på, basert på nyare “Systemtheorie und Chaosforschung” (s. 64).

derimot grensene vere uklåre.

Norsk språkråd er t.d. føreskrivande, men nyttar seg samstundes av deskriptive innsikter om norsk språkutvikling når det skal normere rettskrivinga. Ei som har vore aktiv i Norsk språkråd, Tove Bull (Norsk språkråd 1997: 57), seier der er ei "gråson" mellom språkpolitikk og språknormering:

Språkrådet er eit språkpolitisk organ, og det ein driv med der, er språkpolitikk. Samtidig er det vel slik at ein har fagleg kunnskap som kan vere nyttig i den politiske aktiviteten.

For somme vert denne gråsona oppfatta som kulisser for språkpolitisk manipulering. Gjert Kristoffersen (ibid.: 52f, 57) har kritisert det han meiner er ei samanblanding mellom politikk og vitskap i Norsk språkråd. Lingvistar baserer seg ofte på verdidommar som også andre har. Ei tilvising til det faglege vert då ein måte å legitimere individuelle haldningar på. Kristoffersen kjem i denne samanhengen med det klassiske skiljet mellom "det som er" og "det som bør vere" (s. 52):

Språkforskere skal analysere, observere og forstå. Sjølsagt kan de ha holdninger til hva som skjer, og synes det er beklagelig dersom norsk mister domener. Men det gjør vi nå – og nå inkluderer jeg meg sjøl, jeg har naturligvis også holdninger til dette – som medlemmer av språksamfunnet. Vi må være svært forsiktige med å bruke vår faglige status som legitimasjon for den type holdninger som blir markedsført her.

Men kombinasjonen av språkvidenskap og språkpolitikk er òg vorten forsvara. I debatten om Norsk språkråd sitt engasjement mot påverknad frå engelsk hevda t.d. Kjell Venås og Einar Lundeby at det er språkfolk som veit mest om språkutviklinga, og at desse har ein særskilt autoritet i å engasjere seg i slike spørsmål (ibid.: 57):

Til Kristoffersen: Du snakket om vitenskapsmenn og -kvinnens holdning i samfunnsdebatten. Jeg mener det er forskjell på å blande seg inn i en debatt på sitt eget spesialområde og å gi seg ut for å være autoritet på andre felt enn sitt eget. I forbindelse med språklig påvirkning frå utlandet, er det vi språkfolk som har oversikt over konsekvensene av det som foregår.

Lars S. Vikør stod for det same synet og gav korreks til dei han meiner står for ein "lingvaldarwinisme" og ei positivistisk tru på verdinøytral vitskap (ibid.: 59):

Det er interessant at idealet om den verdinøytrale vitskapen, som vi trudde var gravlagt etter all positivismekritikken på sekstitalet, no dukkar opp att, slik vi hørt i Gjert Kristoffersens innlegg. Etter mi meining har alle vitskapsfolk eit samfunnsansvar på fagområdet sitt, anten dei er atomfysikarar, genteknologar eller språkfolk. I vår samheng er det ein tendens til – eg seier ikkje at det gjeld Gjert Kristoffersen – at somme standpunkt er meir "verdinøytrale" enn andre. Det er "verdinøytralt" å vere lingvaldarwinist, men verdibelasta politisk å gå inn for å forsvare språk aktivt samfunnsmessig.

No kan ein frå eit grunnleggjande hermeneutisk perspektiv seie at alle vitskapsdisiplinar prinsipielt sett har ei normativ side. Samtidig er det eit mål å vere mest mogleg deskriptiv: Sjølv om der alltid vil vere ei verdiorientering til grunn for valet av problemstilling og hypotese, er der ein skilnad mellom å bruke normforskning normativt, og å la visse språkpolitiske ideal styre normforskninga; i det siste tilfellet vert sjølve forskingsaktiviteten meir normativ. Målet om deskripsjon vart òg formulert ved presentasjonen av ein av dei fyrste konferansane om språkplanleggingsteori i Noreg (Sandøy m.fl. 1991).

Lingvistikken er ein deskriptiv vitskap. Det normative er det solid tradisjon for å halde utanfor definisjonen av det "vitskaplege" – det blir rekna som "språkpolitikk" eller ei rein kjenslesak. Samtidig føregår språkplanlegginga ofte på ein ureflektert måte, nettopp fordi prinsippa og ideologiane som ligg til grunn ikkje blir studerte og analyserte vitskapleg. Teorien og praksisen blir forviste til ulike sfærar.

Eit føremål med denne artikkelsamlinga er å kople desse sfærane saman – å skape ein fagleg debatt om forholdet mellom overordna ideologiske eller språkpolitiske premissar og dei meir spesifikke normeringsprinsippa. På denne måten kan ein setje enkeltvedtak og delproblem inn i større systematiske samanhengar. Såleis ønskjer vi også å markere at språkplanleggingsteori er ein vitskapleg disiplin – ei grein av den anvendte språkvitskapen.

Dette deskriptive idealet treng i og for seg ikkje å vere meir vanskeleg å gjennomføre for språknormeringsstudiar enn for t.d. studiar av politikk i statsvitskapen (som kan vere ei nærliggjande samanlikning). Og i høve til andre lingvistiske disiplinar vil sannsynlegvis normeringsstudiane fungere langt mindre normativt. Fonetiske granskingar av norsk tale kan i så måte fungere meir normativt, t.d. ved å verte nytta som grunnlag for kunstig tale med éin uttalevariant. Likeins kan eit å sjå til deskriptivt oppslagsverk som *Norsk referansegrammatikk* fungere normativt ved å stadfeste den posisjonen dei offisielle rettskrivingsvarietetane har (jf. òg diskusjonen hos Milroy 1992: 8f). Deborah Cameron (1995: 7–9) nyttar *The Oxford English Dictionary* som liknande døme:

I do not find it irrelevant for our understanding of language and linguistic change that norm-observing is so often interpreted as, or turned into, norm-enforcement. Indeed, it is striking that among present-day users of English the most revered authorities are those that claim most unequivocally to be 'descriptive', and therefore disinterested (the most obvious example is *The Oxford English Dictionary*, which is usually taken to settle any argument about the existence, meaning and spelling of English words). Because science itself has authority in modern society, while at the same time the discourse of value remains a highly salient one for everyday talk about language, the absolute distinction between observing norms and enforcing them cannot be maintained in practice.

For Deborah Cameron er ikkje skilnaden mellom preskripsjon og

deskripsjon alltid så stor. Til sjuande og sist dreier det seg om ein kamp om å kontrollere språket gjennom å definere det (s. 8):

The point is that *both* prescriptivism *and* anti-prescriptivism invoke certain norms and circulate particular notions about how language ought to work. [...] On that level, 'description' and prescription' turn out to be aspects of a single (and normative) activity: A struggle to control language by defining its nature.

Og dermed er vi tilbake til utgangspunktet, nemleg normomgrepet og dei teoretiske studiane av språknormering. For å kunne reflektere over kva moglegheiter, avgrensingar og effektar som ligg i normeringsstudiane, må vi gå nærmare inn på studieobjektet, språknormene (som vert skapte gjennom normeringa).

Det føreset igjen ikkje berre empiriske granskingar, men òg dristige hypotesar og allmenne teoriar.

### Litteratur

- Akselberg, Gunnstein. 1995. *Fenomenologisk dekonstruksjon av det labovmilroyske paradigmat i sosiolingvistikken. Ein analyse av sosiolingvistiske tilhøve i Voss kommune*. Upublisert dr.art.-avhandling ved HF-fakultetet, Universitetet i Bergen. Universitetet i Bergen, Bergen.
- Anderson, Benedict. 1983. *Imagined communities*. Verso, London.
- Bartsch, Renate. 1987. *Norms of language*. Longman, London.
- Bruthiaux, P. 1992. Language description, language prescription and language planning. *Language Problems and Language Planning* 16. 1992: 221–234.
- Cameron, Deborah 1995. *Verbal Hygiene*. Routledge, London og New York.
- Cobarrubias, Juan. 1983. Language Planning: The state of the Art. I d.s. og Joshua Fishman (red). *Progress in Language Planning*. Mouton de Gruyter, Berlin/New York/ Amsterdam.
- Cooper, Robert L. 1989. *Language Planning and Social Change*. Cambridge University Press, Cambridge.
- Dyvik, Helge 1986 (1980). *Grammatikk og empiri*. 2. oppl. Institutt for fonetikk og lingvistik, Universitetet i Bergen, Bergen.
- Dyvik, Helge. 1993. Normbegreper, systembegreper og individueringen av norske skriftspråk. I Blaauw, Knud og Helge Nordahl (red.), *Standardspråk og dialekt*, 1993: 159–174. Bergen Riksmålsforening og Det Norske Akademi for Sprog og Litteratur, Bergen og Oslo.
- Gloy, Klaus. 1993. Sprachnormforschung in der Sackgasse? Überlegungen zu Renate Bartsch, Sprachnormen: Theorie und Praxis. *Beiträge zur Geschichte der Deutschen Sprache und Literatur* 115/1. 1993: 30–65.
- Gloy, Klaus. 1997. Sprachnormen als 'Institutionen im Reich der

- Gedanken' und die Rolle des Individuums in Sprachnormierungsprozessen. I Mattheier, Klaus J. (red). *Norm und Variation*. 1997: 27–36. Peter Lang, Frankfurt am Main.
- Gullvåg, Ingemund. 1991. Språk og normar: eit filosofisk synspunkt. I Sandøy, Helge, Arne Torp, Kjell Ivar Vannebo og Lars S. Vikør (red.) *Språkideologi og språkplanlegging i Noreg*. 1991: 12–34. Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, Bergen.
- Haugen, Einar. 1966. *Riksspråk og folkemål*. Universitetsforlaget, Oslo.
- Haugen, Einar. 1990. *Babels forbrødring*. Universitetsforlaget, Oslo.
- Havránek, Bohuslav. (1936) 1966. Zum Problem in der heutigen Sprachwissenschaft und Sprachkultur. I Vachek, Josef (red.). *A Prague School Reader in Linguistics*. Bloomington, London.
- Heringer, H. 1982. Normen? Ja – aber meine! I d.s. (red.). *Holzfeuer im hölzernen Ofen. Aufsätze zur politischen Sprachkritik*. 1982: 58–72. G. Narr Verlag, Tübingen.
- Hudson, R. A. 1996. *Sociolinguistics*. 2. oppl. Cambridge University Press, Cambridge.
- Itkonen, Esa. 1978. *Grammatical Theory and Metascience*. Amsterdam Studies in the Theory and History of Linguistic Sciences, serie IV. Current Issues in Linguistic Theory. Amsterdam.
- Jernudd, Björn H. og Michael J. Shapiro. 1989. *The Politics of Language Purisme*. Mouton de Gruyter, Berlin og New York.
- Kaplan, Robert L. og Richard B. Baldauf jr. 1997. *Language Planning From Practice to Theory*. Johannesburg: Multilingual Matters Ltd., Clevedon/Philadelphia/Toronto/Sydney
- Kloss, Heinz. 1978. *Die Entwicklung neuer germanischer Kultursprachen seit 1800*. 2. utvida utgåva. (Sprache der Gegenwart; 37). Pedagogischer Verlag Schwann, Düsseldorf.
- Lakoff, Robin. 1990. *Talking Power*. The Politics of Language. Basic Books, New York.
- Lauritsen, Vibeke. 1996. Den nye teljemåten – meir forvirring? Valgfrihet i rettskrivinga – til hjelp eller forvirring? I Omdal, Helge (red.). *Språknormering og språkbrukar*. 1996: 117–130. Høgskolen i Agder, Kristiansand.
- Lundeby, Einar 1987. Fremmedord – hva gjør vi med dem? I Lundeby, E. m.fl. (red), *Fornyning og tradisjon. Språkvern og språkrøkt 1972–1988*. 1987: 79–89. Norsk Språkråd, Oslo.
- Lundeby, Einar. 1988a. Norsk? – Nei, utenlandsk! *Språknytt 1*. 1988: 1–2. Oslo.
- Lundeby, Einar. 1988b. Engelske ord som passer i norsk. *Språknytt 2*. 1988: 17. Oslo.
- Lyons, John. 1981. *Semantics 1–2*. Cambridge University Press,

- Cambridge.
- Milroy, J. og L. 1985. *Authority in Language*. Blackwell, Oxford.
- Neustupny, J. V. 1989. Language purism as a type of language correction. I Jernudd et al. 1985: 211–224.
- Omdal, Helge. 1996. Språknormering – for deg eller meg? I Omdal, H. (red.). *Språknormering og språkbruka..* 1996: 131–148. Høgskolen i Agder, Kristiansand.
- Omdal, Helge og Lars S. Vikør. 1996. *Språknormer i Norge*. Cappelen/LNU, Oslo:.
- Papazian, Eric. 1984. *Talemål og skriftspråket*. Forskjellen og samsvaret. Skriftserie B nr. 16. Insitutt for fonetikk og lingvestikk, Universitetet i Bergen, Bergen.
- Papazian, Eric. 1994. Er det normativt å beskrive et normalmål? Om grensa mellom språkvitenskap og språkpolitikk. *Norskrift* 82. 1994: 1–35.
- Politikens filosofileksikon*. Politiken, København.
- Rangnes, Odd Kjetil. 1999. Oljeterminologi og språkholdninger: bruk av spørreskjema i lys av "dobbel hermeneutikk". I *Nordica Bergensia* 20. 1999: 207–227.
- Schnelle, H. 1976. Empirische und transzendente Sprachgemeinschaften. I Apel, K-O. (red.). *Sprachpragmatik und Philosophie*. 1979: 394–440. Suhrkamp Verlag, Frankfurt.
- Searle, John. 1990. *Speech Acts. An Essay in the Philosophy of Language*. Cambridge University Press, Cambridge.
- Skyum-Nielsen, Peder. 1986. *Om sproglig normgivning 1–2*. Danmarks Lærerhøjskole, København.
- Sundby, Nils Kristian. 1974. *Om normer*. Universitetsforlaget, Oslo/Bergen/Tromsø.
- Thomas, George. 1991. *Linguistic purism*. Longman, London og New York.
- Vannebo, Kjell Ivar. 1980. Om språkvitenskapens normbegrep. *Tijdschrift voor Skandinavistiek* 1. 1980: 3–22.
- Vikør, Lars S. 1994. *Språkplanlegging. Prinsipp og praksis*. 2. utg. Novus, Oslo.